Bremanger kommune

JournalpostID: 26/11329
Sakshandsamar: Bjørn Henry Marthinussen
Dato: 14.09.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
067/26	Formannskapet	24.09.2026

Framlegg til lokal forskrift om innkrevjing av fellingsavgift for hjort

Vedlegg:
Forskrift om jakt og fellingsavgift

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vedlagt framlegg til forskrift om opning av jakt og fastsetjing av minsteareal og fellingsavgifter for hjort, Bremanger kommune vert lagt ut til høyring.

Bakgrunn for saka:

Med den nye viltressurslova skal kommunen ha eiga forskrift om fastsetting og innkreving av fellingsavgift for kvart dyr som blir felt av elg og hjort, innanfor rammer fastsatt av Stortinget. For å unngå mange ulike lokale forskrifter innan viltområdet vert vedteken forskrift om minsteareal for hjort teken med i same forskrifta.

Formannskapet 24.09.2026:

Handsaming:

FSK- 067/26 Vedtak:
Smrøystes vedtak:
Vedlagt framlegg til forskrift om opning av jakt og fastsetjing av minsteareal og fellingsavgifter for hjort, Bremanger kommune vert lagt ut til høyring.

Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:

Viltressursloven
Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort

Saksopplysningar:

Viltressursloven

§ 9.*Jegeravgift, fellingsavgift og viltfond*

Kongen skal gi forskrift om innkreving av en jegeravgift og av en fellingsavgift for villrein.

Kongen skal forvalte et statlig viltfond som har til formål å fremme viltforvaltningen. Inntektene fra jegeravgiften og fra fellingsavgiften for villrein skal tilfalle det statlige viltfondet.

Fylkeskommuner som mottar overføring fra det statlige viltfondet, skal etablere fylkeskommunale viltfond.

I kommuner der det er adgang til jakt på elg, hjort eller rådyr, skal kommunen etablere et kommunalt viltfond som har til formål å fremme viltforvaltningen i kommunen. Kommunen kan gi forskrift om fastsetting og innkreving av fellingsavgift for hvert dyr som felles av elg og hjort, innenfor rammer fastsatt av Stortinget. Inntektene fra fellingsavgiftene skal tilfalle det kommunale viltfondet.

Kongen kan gi forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond, blant annet om hvilke inntekter som skal eller kan tilfalle viltfondene, og hvordan midlene kan disponeres.

§ 10.*Adgangen til jakt og fangst*

Jakt og fangst er tillatt dersom det er åpnet for det i eller i medhold av lov.

Innenfor rammene av naturmangfoldloven § 16 kan Kongen gi forskrift om å tillate jakt og fangst, blant annet om hvilke viltarter det er tillatt å jakte på eller drive fangst av, til hvilke tider og i hvilke områder det er tillatt med jakt og fangst, og om kvoter for jakt og fangst. Det kan fastsettes ulike tider for jakt og fangst for de enkelte delene av landet. Tidsrammen kan gjelde en bestemt tid av døgnet eller uken, og den kan settes forskjellig avhengig av viltets kjønn og alder.

I forskrift etter andre ledd bør det ikke tillates jakt og fangst i hekke- eller yngletiden for vedkommende art.

Kongen kan gi forskrift om tildeling av oppgaver etter andre ledd til fylkeskommunen og kommunen.

§ 42.*Åpning for jakt på hjortevilt og krav om fellingstillatelse*

Innenfor rammene av § 10 er jakt på elg, hjort og rådyr tillatt dersom kommunen har gitt forskrift som åpner for slik jakt. Jakt på elg, hjort eller rådyr krever fellingstillatelse fra kommunen. Kommunen tildeler fellingstillatelse basert på et fastsatt minsteareal.

Innenfor rammene av § 10 er jakt på villrein tillatt dersom Kongen har gitt forskrift som åpner for slik jakt. Jakt på villrein krever fellingstillatelse fra villreinnemnda med utgangspunkt i fastsatt fellingskvote.

Ved fastsetting av minsteareal og fellingskvoter skal det tas hensyn til bestandens størrelse og sammensetning, artens levevilkår i det enkelte distriktet, og den skaden viltarten volder.

Kongen kan gi forskrift om forvaltningen av hjortevilt, blant annet om hvilke oppgaver kommunen eller villreinnemnda skal ha, fastsetting av arealkrav, organisering av vald, vilkår for å fastsette og tildele fellingstillatelser, krav til bestandsplaner og rapportering.

Kongen kan gi forskrift om at kommunen og villreinnemnda kan nekte å tildele fellingstillatelser helt eller delvis eller tildele ekstra fellingstillatelser i gjeldende jaktperiode for å nå fastsatte forvaltningsmål.

Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort

§ 6.*Om fellingsavgifter*

Kommuner der det er adgang til jakt etter elg og/eller hjort, skal fastsette og kreve inn fellingsavgift for felte dyr av disse artene. Satsene for fellingsavgifter skal fastsettes av kommunen gjennom forskrift innenfor rammer fastsatt av Kongen jf. viltressursloven § 9.

Fellingsavgiftene skal gjelde for vald som er godkjent av kommunen, selv om valdet omfatter areal i nabokommuner.

Dersom valdet omfatter flere kommuner, skal inntektene årlig fordeles mellom kommunene i samme forhold som fordelingen av tellende areal for vedkommende art.

Rettleiing om dette finnast i opptak (Vimeo), og forslag til forskrift finnast i malen til jaktforskrift (Word).

https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/forvaltning/fagomrader/jakt-og-fangst/hjortevilt/kommunal-forskrift-om-jakt

Vurdering:
Framlegg til forskrift er utarbeidd etter malen til Landbruksdirektoratet. Sidan kommunen ikkje har forskrift som opnar for jakt på hjort, jf. viltressurslova §42 må dette punktet inn i ny forskrift. Dette er berre ein formalitet, sidan kommunen historisk sett har hatt hjortejakt i alle år, og er difor ikkje vurdert etter naturmangfaldlova og §5 i hjorteviltforskrifta. Forskrift for minsteareal for hjort i Bremanger kommune vart vedteken av formannskapet 21.03.2019, sak FSK-026/19 ACOS WebSak+ Denne forskrifta vert innlemma i ny forskrift uendra, og det er difor ikkje gjort nærare vurderingar rundt minstearealet etter naturmangfaldlova og hjorteviltforskrifta.

Satsane for fellingsavgift er foreslått vidareført som tidlegare, med fritak for fellingsavgift for kalv og maks. sats for vaksne dyr. Fritak for fellingsavgift for hjortekalv blir vidareført, som eit verkemiddel for å stimulere til kalveskyting i samsvar med forvaltningsmåla for hjortebestanden i Bremanger kommune 2025-2029 forvaltningsmal-for-hjort-bremanger-kommune-2025-2029.pdf

Økonomiske konsekvensar av framlegg til vedtak:

Ingen relevante.